

Fiskeridirektoratet
postmottak@fiskeridir.no

**Pelagisk Forening sitt høyringssvar.
Alternative reguleringsmodellar for kystgruppa i fisket etter makrell.**


Generelt er Pelagisk Forening tilhengar av at regelverket blir forenkle. Pelagisk Forening meiner òg at det er viktig med stabile rammevilkår. Endringar bør difor ikkje endra på kvotefordelinga mellom fartøya.

Samstundes fører gjeldande reguleringsmodell til mange diskusjonar om refordeling. Dette, og forenklingsomsyn, talar for å endra reguleringsmodellen for lukka kystgruppa sitt fiske etter makrell. Dette slik at det blir færre grupper i lukka kyst.

15 meter er eit innarbeida skilje mellom fartøy i mange reguleringer fartøy, og det er difor naturleg å ha 15 meter som lengdeskillegrensa mellom reguleringsgrupper i høve til overregulering.

Pelagisk Forening viser til høyringsbrevet tabell 14, og støttar alternativ 2. Dette m.a. fordi det er ein føremon at lukka kystgruppa blir regulert som ei gruppa, når det først blir gjort eit omfattande arbeid for å forenkle regelverket.

Bergen, 24.9.18

Pelagisk Forening/
Pelagisk Servicekontor AS

Ask Økland
advokat


Mariann Frantsen
Dagleg leiar